

Årsmøte i Vik Båtforening

07.04.21 kl 1900 på Blix Hotel

Grunna Koronasituasjonen hadde vi påmelding til årsmøtet denne gongen.

Desse møtte:

Odd Inge Gjeraker, Jan Loopstra, Per Olav Geithus, Knut Iversen, Morten Jacobsen, Bjarne Bjørnstad, Ola Svendsen, Bjørn Moheim, Tore Røyrvik, Fridtjof Helgesen, Asbjørn Hagen og Bjarte Tjønn.

Sak 1.

- Innkallinga vart godkjend utan merknad.

Sak 2.

- Tore Røyrvik vart vald som ordstyrar.

Sak 3.

- Bjarte Tjønn vart vald som referent.

Sak 4.

- Per Olav Geithus og Morten Jacobsen vart valde til å underteikna møteprotokollen.

Sak 5.

- Tore las opp årsmeldinga. Medlemmane var positive over arbeidet som var gjort i fjor. Elles ingen merknad.

Sak 6.

- Bjørn Moheim presenterte rekneskapet for 2020.
- Vi hadde ein fin auke på inntektsida som hovudsakleg kom frå utleige av gjesteplassar og innbetalingar for bruk av straum frå medlemmane.
- På utgiftssida var det ein budsjettert auke som hovudsakleg var vedlikehald av betongbryggja, opparbeiding av parkeringsplass og kjøp av portar til A og B/C bryggja.
- Totalt eit driftsresultat på minus kr. 76.406,-. Budsjettet var på minus kr. 64.000,-.
- Alt uteståande er innkomme pr. 31.12.2020.
- Rekneskapet er revidert av Odd Inge Gjeraker og vert tilrådd godkjent.
- Ingen merknader
- Godkjent.

Sak 7.

Innkome saker:

- Det kom inn ei sak angående dugnad. Diskuterte litt fram og tilbake. Enda med at vi fortset med ordninga vi har i dag. Medlemar som ynskjer å arbeida dugnad melder seg for hamnesjefen.
- Presiserer at det er kvar enkelt si plikt å registrera dugnadstimar i boka i bua. Det er kun desse timane som vert lagt til grunn for utrekningane av dugnaden.

Sak 8.

Det vart vedteke utskifting av dei gangbare utriggarane på B bryggja.

- Styret har fått inn pris på 12 stk gangbare utriggarar identiske med C-bryggja.
- Totalpris m/tilbehøyr er kr 370.000,- inkl.mva levert Vik.
- Nokre medlemar ynskjer 10 m utriggar. Styret sender ut e-post slik at dei som ynskjer det melder ifrå. Meirkosten med dette må dei i utgangspunktet ta sjølve. Styret reknar litt på dette før utsending til medlemmane.

Sak 9.

Budsjettet vart vedteke utan merknader.

- Bjørn Moheim presenterte budsjett for 2021.
- Inntekter vert basert på 2020 rekneskapet, ca kr 235 000,-.
- Samla utgifter kr 521 000,- inkl utskifting av utriggarar.
- Budsjettert underskot er minus kr 286.000,-.

Sak 10

Det vart vedteke fylgjande leigeprisar for slippvognene.

For medlemar:

- Storevogna: kr 300,- for kvar gong inntil 5 dagar.
- Vetlevogna: Gratis inntil 5 dagar. Maks 28 fot.

For ikkje medlemar:

- Storevogna: kr 300,- pr døgn
- Vetlevogna: kr 150,- pr døgn. Maks 28 fot.
- Betalast med Vipps. Kjem oppslag i opptrekket.

Sak 11.

Sommaropplag båtvogner / parkering for medlemar.

- Medlemar får lagra båtvogner gratis på oppstillingsplass som i dag. Vi oppmodar likevel dei som har lette båthengarar om å ta dei med seg heim.
- Det vert hengt opp underskilt med tekst: «Kun for medlemar», på parkeringsplass langs sjøkanten.
- Forslag vedteke.

Sak 12.

Endring av hamnereglement.

- Styret la fram forslag til endra hamnereglement. Dette for å forenkla det, samt å gjera det gjeldande for gjestehamna ogso.
- Vedteke utan merknad.

Sak 13

Klubbhus / gjestetoalett / vaskerom

- Forslag om at Thomas Bech nyttar dagnadstimane til å sjå på moglegheiter for etablering av klubbhus. Utgreier til neste årsmøte.
- Forslag vedteke.

Sak 14.

Drift av gjestebyggje.

- Forslag om at bosstøppinga på gjestebyggja skal gå på rundgang blant medlemmane. Dette vert godtgjort som dagnadstimar. Styret set opp plan for dette.
- Bryggja vert spylt grundig med jamne mellomrom. Er også montert ein ny vasspost med slange slik at gjester sjølve kan spyla om det trengst.
- Vert sett opp skilt med fiskeing forbode. Odd Inge ser på om det bør bytast passord på nettet i hamna. Dette for å hindra at utanforståande belastar Wi-Fien i hamna.

Sak 15.

Val:


- Formann: Tore Røyrvik (attval)
- Kasserar: Ola Svendsen (ikkje på val, men tek over som kasserar)
- Styremedlem: Per Olav Geithus (attval)
- Styremedlem: Bjarne Bjørnstad (ny) (er også hamnesjef).
- Sekretær: Bjarne Tjønn (ikkje på val)

Vi takkar Bjørn Moheim for god innsats som kasserar.

Valnemnd:

1. Knut Iversen
2. Terje Jonny Tveit
3. Asbjørn Hagen (ny)

Møtet slutt kl. 20.50


Morten Jacobsen


Per Olav Geithus